**Referat møte nr 03/16**
**Styringsgruppa for Førdepakken**

Sakshandsamar/innvalsnr:
Eli Marita Vik Næss – 951 91 805
Vår dato: 06.10.2016
Vår referanse:

**Møtedato:** 6.oktober 2016 kl 12:30 – 13:45

**Stad:** Video Førde/Leikanger

**Møteleiar:** Svenn Finden

**Referent:** Eli Marita Vik Næss

**Til stades:** Ole John Østenstad (OJØ), Svenn Finden (SF), Arve Seger (AS), Ingar Hals (IH), Oddvar Flæte (OJF), Tore Eriksen (TE); Eli M. Næss (EMN)

**Forfall:**

**Kopi til:**

| Sak nr | | Ansvar / frist |
|---|---|---|
| 9/16 | Referat frå siste møte<br>Ingen merknader.<br><br>Gjennomgang av oppfølgingssaker<br>- *5/16 – Oversikt over kva som skjer i 2016 og 2017.* OK<br>- 5/16 – Ekstern involvering i Formingsrettleiar – blir jobba med dette. Førde kommunen ønskjer å ta den til planutvalget, men arbeidet er ikkje kome langt nok enno.<br>- 5/16 Styring av innkjøp/konkurrane. Heng i hop med formingsrettleiar, at vi får det utstyret vi treng. Må utfordre regelverket så langt vi kan, slik at vi får det vi treng. Ny forskrift om offentleg anskaffelse som gjeld frå nyttår, elektronisk anskaffelse, prøveordning i 2017 i Statens vegvesen Region vest– Førdepakken ønskjer å vere med på utprøvinga.<br>7/16 – Vurdering av mogleg bruk av diversepost på 100 mill.kr. Kommunen kjem att med sak når det kan bli aktuelt å løyve pengar til Ytre Øyrane. Kommunen skal utarbeide sentrumsplan. Spørsmålet kan dukke opp i det arbeidet. Det er viktig at midlane ikkje blir bunden opp i tidleg fase, - var meint å gå til uføresette ting. | |
| 10/16 | Gjennomgang av statusrapport for september<br>*Bomstasjonar*<br>Starta innkrevjinga og det har gått bra.<br><br>*Tiltak 1:* Angedalsvegen-Hafstadvegen, har starta arbeidet med ny reguleringsplan. Forprosjekt med 3 alternative løysingar. Veglinjene på plass om ein dryg månad. Byggestart våren 2018. | |

Førde kommune   SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE   Statens vegvesen

| Sak nr | | Ansvar / frist |
|---|---|---|
| | *Tiltak 2* Fv. 484 Vievegen: Nytt møte med Helse Førde og Riksantikvaren før planen vert oversendt til Førde kommune. Tiltaket blir bygd i samsvar med alternativ 1, gang-/sykkelveg langs med eksisterande fylkesveg. Byggestart våren 2018.<br><br>*Tiltak 3/4* E39 Hafstadflata : Jobbar med konkurransegrunnlaget parallelt med planen. Bygging neste haust.<br><br>*Tiltak 5* Rv. 5 Bergumkrysset: Byggestart februar 2017<br><br>*Tiltak 6/7* E39/fv. 609 Askvollkrysset: Går bra. Start august/september 2017 inkl. støytiltak.<br><br>*Planarbeid*<br>Går bra. Tiltak 12 – viktig med avklaring Indre Øyrane<br>Tiltak 10 – forprosjekt brukryssing. Vurderer i første omgang å berre bygge sør for elva, kan då starte hausten 2017. Tiltak 13 – Går for nedre kryssinga. Tek ein utsjekk med foreldregruppa på skulen.<br><br>*Bemanning* – lånt ut to personar som er tilbake i februar/mars.<br><br>*Økonomi* – Meirforbruk på Bergumkrysset og mindreforbruk på Gs-veg E39 Hafstad. Midlar er overførbare. Resten av arbeidet vil bli utført for rekvirerte midlar frå bompengeselskapet.<br><br>*HMS* – Arbeidstilsynet vil engasjera seg sterkare i prosjekterings-fasen. Avtalt møte med dei i november.<br><br>*Kommunikasjon/media* – Samarbeid med bompengeselskapet om kommunikasjon rundt oppstart av bompengeinnkrevjing.<br><br><u>Styringsgruppa kommenterte:</u><br>Kommunen viser til at det kjem ein sentrumsplan, og at dei ulike planprosessane må sjåast i samanheng.<br><br>Avklaring ift Førdehuset er viktig for kommunen, jf. tiltak 1 Angedalsvegen-Hafstadvegen. Når veglinja er valt om ein dryg månad, då kan ein vurdere arealbruken.<br><br>Kommunikasjon/media: Kritiske spørsmål er positivt – får ut viktig info på denne måten. | |

| | | |
|---|---|---|
| 11/16 | <u>Byggherrekalkyle – Bergumkrysset</u><br>Har ikkje endeleg byggherrekalkyle klar. Førebels vurderering, over 45 mill.kr. Heile tiltaket: 65-70 mill.kr. Ikkje mogeleg å gjere store kutt. Kan ta vekk fotgjengarundergang for å spare pengar, men dette er ikkje framtidsretta. Tiltaket blir lyst ut, og vi prøver å få til mindre kostnadsreduksjonar ved gjennomføring. | |
| 12/16 | <u>Flytting av kommunale VA-anlegg i samband med Førdepakken</u><br>Kostnadsvurdering som viser kva dei ulike tiltaka i Førdepakken betyr for VA-sida. Kommunen er inne med store midlar i Førdepakken, og har ikkje teke høgde for alle kostnadene som oversikta viser i sine budsjett/økonomiplan. Flytting som skuldast Førdepakken skulle Førdepakken ta. Ønskje om at teknisk drift i Førde kommunen og prosjektet jobbar vidare med kostnadslista. Prinsippa er tydlege for riks- og fylkesvegar, men kanskje litt uklart når det gjeld kommunale vegar.<br><br>Ingar sjekkar korleis dette har vore praktisert/handtert i bypakkar/samarbeidsprosjekt. | IH |
| 13/16 | <u>Ymse</u><br>*Oppstart bompengeinnkrevjing*<br><br>Observert fleire syklande i Førde etter bompengeinnkrevjinga. Interessant å følgje med korleis trafikken har endra seg den første veka. Nedgang på 5-6% viser tellepunkta. Interessant å sjå om nedgangen er varig eller ikkje.<br><br>Trafikktala gir ikkje heile svaret. Statistikk i frå driftsselskapet kjem ca. 20.november for oktober månad. Interessant kor stor del av køyretøya som har rabattavtalar. Næringslivet er oppteken av kor mange færre som kjem til Førde pga bompengeringen.<br><br>Føresetnadene som ligg til grunn for proposisjonen er endra. For eksempel har rabatten auka frå 10 til 20%. Har og fått 30-turar regelen. Lånerenta er mykje lægre enn i opprinneleg budsjett. Oddvar ønskjer innspel på kva statistikk som er ønskjeleg. Han vil ta dette opp med BT-signal. Elbilar, tunge og lette køyretøy og korleis trafikken varierer i løpet av døgnet er interessant statistikk.<br><br>Det regionale bompengeselskapet vil truleg vera oppe å gå frå nyttår.<br><br>*Neste møte*<br>Tysdag 31.januar – kl 12-14. | |

## Oppfølgingssaker styringsgruppe Førdepakken

| Sak.nr | Omtale | Ansvarleg | Frist |
|---|---|---|---|
| 5/16 | Ekstern involvering i Formingsrettleiar | IH | |
| 5/16 | Styring VA-innkjøp/konkurranse slik at vi får den type utstyr vi vil ha | IH | |
| 12/16 | Flytting av kommunale VA-anlegg – kven ber kostnadene. Sjekk ut korleis dette vert handtert i andre bypakkar/samarbeidsprosjekt. | IH | |
| | | | |